



Retningslinjer i Vestre-Slidre kommune for bruk av UTVIKLINGSFOND (UBUNDE FOND)

Saknr.	Utval	Vedtatt	Gjeld frå
052/26	Kommunestyret	18. juni 2026	18. juni 2026

1 Grunnlag

Kommunen har eit Kraft- og næringsfond. Dette er tufta på vedtekter frå departementet i 2011. Inntektene her kjem frå konsesjonskraft og er øyremerkt til tiltak definert i desse vedtektene og gjennom lokale vedtekter godkjend av Statsforvaltaren i 2016. Dette fondet er eit bunde fond, og det kan ikkje tilførast andre midlar som til dømes frie midlar i kommunen.

Kommunestyret ynskjer å sikre tilskotsmidlar til ulike utviklingsformål i kommunen. Det kan vere tiltak som er omfatta av tilskotsordningane i Kraft- og næringsfondet men der midlane ikkje strekk til.

Kommunestyret etablerer difor i 2026 eit eige ubunde fond for midlar som kommunen vil bruke som tilskot frå egne frie midlar. Midlane blir bevilga direkte frå kommunebudsjettet i årlege budsjettvedtak der kjelda m.a. er frå inntekter frå eigedomsskatt.

Retningslinene omhandlar dette nyetablerte fondet, Utviklingsfondet.

2 Tilskotsmidlar

Kommunestyret opprettar i 2026 eit eige ubunde fond til særlege tiltak. Fondet sin kapital vil variere og blir fastsett i kommunestyret sitt budsjettvedtak for kvart år, med tilføring av det beløpet kommunestyret vedtek, samt ikkje utdelte tilskot per 31.12. året før.

3 Føremål

Tilskot til stadutvikling, reiseliv og andre formål som Kommunestyret fastset. Det kan vere overlappende føremål med retningslinjer for tilskot i Kraft- og næringsfondet dersom det ikkje er budsjettdekning i Kraft- og næringsfondet.

4 Kva Utviklingsfondet skal støtte

- Ideelle aktørar som fremmar folkehelse og stadutvikling gjennom løypekøyning i Vestre Slidre kommune
- Hytteforeining i Vestre Slidre kommune
- Tiltak godkjende etter retningslinene i Kraft- og Næringsfondet dersom dette ikkje har nok midlar til å støtte tiltaket. Føresetnaden er at dei faste tilskota i retningslinene for Utviklingsfondet er dekkja inn, jf. pkt. 5 og at tilskot innvilga etter pkt. 6 er dekkja inn.
- Kommunestyret kan vedta andre særlege formål med vilkår og søknadsfristar for tilskot frå Utviklingsfondet.

5 Faste tilskot

Løypekøyning får faste tilskot kvart år. Tilskotet følgjer av kommunestyret sitt budsjettvedtak som fastset årets tilskot. Tilskotet blir fordelt slik:

Vasetløypene	50 %
Vestfjelløypene	25 %
Nøsen Baklia løypene	8,2 %
Vestre Slidre IL	16,8 %

Vestre Slidre hytteforening får på same vis eit fast tilskot kvart år som følgjer av kommunestyret sitt budsjettvedtak som fastset årets tilskot.

6 Maks tilskot

Det skal ikke gjevast årleg tilskot på over kr 500 000 til ein mottakar. Etter ei konkret vurdering kan dette i enkelthøve aukast dersom særlege omstende talar for at summen vert auka.

7 Søknad, søknadsfrist og saksførebuing.

- Tildeling til Løypekøyning og Hytterforening blir gjort basert på budsjettvedtak og vilkåra i denne retningslina. Det er difor ikkje søknadspliktig.
- Søknad må være sendt inn før arbeidet med tiltaket er starta opp.
- Landbruks- og Kraft- og næringsfond- tiltak som kan dekkast etter pkt. 3 her, blir handsama i høve til retningslinene for desse og følgjer søknadsfristen der.
- Saksførebuing følgjer gjeldande administrative rutinar

8 Endringar

Kommunestyret kan vedta endringar, formål og, endre tilskotsordningar frå Utviklingsfondet.

9 Vedtak og klage

Formannskapet fattar vedtak etter desse retningslinene og kommunestyret er klageinstans.

10 Bagatellmessig støtte

Maksimalt offentlig tilskot til ei og same bedrift vert regulert etter EØS sine gjeldande reglar for bagatellmessig støtte (pr 01.06.2026 er dette EUR 300 000,- innanfor ei tidsramme på 3 år).

Tilskot blir registrert i Støtteregisteret i samsvar med regelverket for dette, jf [Bagatellmessig støtte - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).